

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen
Dato: 05.04.2017
Tidspunkt: 09:00 – 11:30.

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Nina Murberg	Medlem	FFO
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
May Eva Sandvik	Medlem	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Merethe Helland Nordnæs	Jurist/rådgjevar Fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 10/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 11/17	Godkjenning av sakliste		
PS 12/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 13/17	Referatsak (meldingar)		
RS 1/17	Møtereferat frå RMNF-AU, 06.03.2017	2016/34506	
PS 14/17	Invitasjon til høyring - Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - intern høyring av planforslag	2017/485	
PS 15/17	Invitasjon til høyring - Temaplan: "Likeverd i Hordaland fylkeskommune"	2017/485	
PS 16/17	Ymse		

PS 10/17 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 11/17 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Vedtak

Sakslista vart godkjent med 5 tema under sak 16/17 ymse.

PS 12/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent utan merknader.

PS 13/17 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Vedtak

Møtereferat frå møte i RMNF-AU den 06.03.17 vart teke til orientering.

PS 14/17 Invitasjon til høyring - Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - intern høyring av planforslag

Forslag til vedtak:

Forslag til uttale vert lagt fram i møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, den 05.04.2017.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at Universell Utforming må vere eit sentralt mål i planen.

Forslag til uttale som framlagt i møtet vart vedteke.

PS 15/17 Invitasjon til høyring - Temaplan: "Likeverd i Hordaland fylkeskommune"

Forslag til vedtak

Forslag til uttale i saken vert lagt fram i møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, den 05.04.17.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Vedtak

Forslag til uttale vart vedteke som framlagt i møte.

PS 16/17 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Møte den 05.04.17 var eit arbeidsmøte der rådsmedlemmane arbeide med forslag til uttale til RTP Hordaland 2018-29 og forslag til Temaplan: «Likeverd i Hordaland fylkeskommune». Kjell Søvik og Harald Nordheim hadde utarbeid forslag til høyringsuttale til RTP som vart framlagt og jobba med i møtet. Inge Fiskvik hadde utarbeid forslag til høyringsuttale til Temaplan likeverd som vart framlagt og jobba med i møtet.

1. Evaluering av Temadagen 27.03.17:

Flinke forelesarar. Bra gjennomført.

Svakheiter: Invitasjonen nådde ikkje fram til alle. Meir «spissa tema» til neste år.

2. Nina Murberg hadde ynskje om at temaet spesialundervisning og utfall av spesialundervisning skulle vere eit tema på neste møte i RMNF.

Vedtak: Sak på neste møte i rådet.

3. Kjell Søvik sette fram fylgjande forslag:

«For astmatikarar og folk med allergiar, er det eit stort problem med røyking på haldeplassar, både for buss og bane. Kan rådet påverke politikarane til å vedta røykeforbod i venteskur»

Vedtak: Sak på neste RMNF møte.

4. Solbjørg H. K. Marjala sette fram fylgjande forslag:

«På bakgrunn av oppslag i media om flytting av Kyrre skole frå Øvregaten til Danmarks plass ber rådet om å få en orientering av saken samt en befarung av de nye lokalene».

Vedtak: Sak på neste RMNF møte.

5. Kjell Sjøvik nemnde mail frå Tollak Hjelmervik «Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland». Sak i media der det går fram at eldre døve som treng sjukeheim vert plassert i institusjon der ingen kan tegnspråk. Dette er ei sak for dei kommunale råda.

Harald Nordheim fekk ja på spørsmål om dekning av utgifter til overnatting mellom dagane på Deltakonferansen på hotell Ørmen den 08.05.17 til 09.05.17.

Neste møte i RMNF er Onsdag den 24.05.17 kl. 9.00

Det vert teke kontakt med mobbeombod Mari Christine Morberg og psykologspesialist Haldis Alsaker med tanke på ei orientering på neste møte.